



Reknes Byggjevarer LI
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/810 - 20/9419

Saksbehandlar:
Thomas Skår
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:
12.11.2020

Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til einebustad - gbnr 6/87

Vi syner til søknad motteke den 04.09.2020.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 142/2020

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen for bruksendring frå fritidsbustad til einebustad gbnr 6/87.

Grunngjeving: I området ligg det allereie fleire bustader, slik at bustaden vil verte ein naturleg del av eit spreidt bustadområde. Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel: Plan- og bygningslova § 19-2 og Masfjorden kommuneplan.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 04.09.2020 søkt om dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen for bruksendring frå fritidsbustad til einebustad gbnr 6/87.

2. Uttale

Søknaden vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland 07.09.2020. Kommunen har ikkje motteke uttale frå Fylkesmannen i saka.


Søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det føreligg ingen merknader til søknaden.

3. Fakta

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen for bruksendring frå fritidsbustad til einebustad gbnr 6/87.

Gbnr 6/87 er ein eigedom som vart etablert 20.07.2000. Eigedomen ligg med føremål «LNF» i arealdelen til gjeldande kommuneplan. Eksisterande bustad er i matrikkel registert som fritidsbustad. Eigedomen har eit berekna areal på 2955,5 m².

Eigedomen er vist på situasjonskart nedanfor:



4. Vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gjeve dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd. Vilråa i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilråa, jf. pbl § 19-2 (2). Det vil seie at alle vilråa må vere oppfylt før ein kan gje dispensasjon. Vedrørande dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

I området ligg det allereie fleire bustader, slik at bustaden vil verte ein naturleg del av eit spreidd bustadområde.

Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

5. Konklusjon

Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til einebustad gbnr 6/87.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Thomas Skår
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Bente Sissel Pilskog

Engesetvegen 5 5226

NESTTUN

Mottakarar:

Reknes Byggjeverar LI

Masfjordvegen 5986
187

HOSTELAND